

# SAKSFRAMLEGG

## Tysnes kommune

### ENDRINGAR I EKTESKAPSLOVA - KOMMUNALE VIGSLER

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

---

Arkivsak : 17/484 -

Arkivkode: 010

---

**... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

**Vedlegg:** INFORMASJON OM IKRAFTTREDELSE AV ENDRINGER I EKTESKAPSLOVEN FRA 1. JANUAR 2018  
RUNDSKRIV OG FORSKRIFTER – KOMMUNALE VIGSLER  
RUNDSKRIV Q 11 2017 OM KOMMUNALE VIGSLER  
FORSKRIFT OM ENDRING I FORSKRIFT OM REGISTRERING OG MELDING AV VIGSEL - 18. SE  
FORSKRIFT OM KOMMUNALE VIGSLER - 18. SEPTEMBER 2017

### SAKSUTGREIING:

#### Bakgrunn:

Stortinget har nyleg vedteke endringar i ekteskapslova, lovendringa inneber at vigselsmynde vert overført frå notarius publicus til ordførar, varaordførar eller tilsette eller folkevalde som kommunestyre *sjølv* gjev slikt mynde. Endringa trer i kraft frå 1. januar 2018.

Tysnes kommune må såleis bus seg på oppgåva med å ta imot brurepar som ynskjer å gifta seg borgarleg allereie frå årsskifte. Departementet har bede om at kommunane startar førebuing og også legg til rette lokaler som har ein viss seremoniell og verdig karakter.

I denne saka vil me gå litt gjennom føringane som ligg for denne type oppgåver og elles ser me litt opp mot korleis me ser føre oss å leggja tilbodet til rette lokalt.

#### Rammer for ordninga

Kommunen har plikt til å ha eit tilbod for vigsling av kommunen sine egne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Noreg, men som fyller vilkåra for å inngå ekteskap i Noreg. Det er tilstrekkeleg at eit av brurefolka er busett i kommunen.

Kommunen kan gje tilbod om vigsel også for andre enn egne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Noreg. Dersom kommunen vel å gjera det kan kommunen ta betaling avgrensa til naudsynte kostnader for gjennomføring av vigsla. Kommunen kan også krevja dekkja sine faktiske kostnader dersom dei gjev eit utvida tilbod kva gjeld tid og stad for vigsla. Desse kostnadene er nærare skildra i forskrifta §§ 2 og 3 og er til dømes utgifter for vigslar, transport og oppvarming av lokale. Dersom det er aktuelt å krevja betaling bør det fastsetjast

eigne reglar for dette etter forskrifta § 4. Slike reglar bør opplysa om at det kan takast betaling, kva kostnader betalinga skal dekkja og kva satsar som gjeld.

Kommunen kan inngå interkommunalt samarbeid om vigslingsoppgåva, dette må då gjerast innanfor dei reglane som er fastsett i ekteskapslova og kommunelova. Rådmannen kan ikkje sjå at det skulle vera behov for å setja denne oppgåva ut gjennom slikt samarbeid.

Ekteskap vert inngått ved at brudefolka møter for ein vigslar, medan begge er til stades skal dei stadfesta at dei ynskjer å inngå ekteskap med kvarandre. Det skal vera to vitner til vigsla. Kommunane skal nytta det borgarlege vigsselformularet, formularet set ei ramme kring innhaldet i seremonien. Seremonien kan etter avtale utvidast med musikk, eller andre innslag. Dette vert avtalt mellom vigslar og brudefolk, det er opp til kommunen kva dei vil tillata utover formularet.

Før ekteskap kan inngåast må ekteskapsvilkåra prøvast. Det vil sei at det skal gjennomførast kontroll med at dei som skal gifta seg fyller vilkåra i ekteskapslova. Det er folkeregisteret (skattekontoret) som ved attest vil stadfesta at vilkåra for ekteskap er fylt. Vigsel kan avslås dersom ekteskapsvilkåra ikkje er fylt, eller utsetjast dersom det er tvil om ekteskapsvilkåra er fylt. Det vil ikkje vera anna grunnlag for å ikkje gjennomføra kommunal vigsel.

I forarbeida til lovendinga er det lagt vesentleg vekt på at kommunane må leggja til rette for ei verdig seremoniell ramme kring vigsla, både gjennom bruk at det borgarlege vigselritualet og ved å ha gode lokale for gjennomføring.

Når vigsel er gjennomført skal vigslar fyller ut og innan tre dagar sende inn vigselattest, dette skjer ved å fylla ut dokument frå folkeregisteret, dokumenta skal teiknast av brudefolket og to vitner. Desse dokumenta skal sendast inn saman med stadfesting på vigslar sitt mynde, det er såleis turvande at vigslar vert utnemnd skriftleg. Kommunen har vidare plikt til å føra ei vigselbok.

I ekteskapslova § 12, 1. ledd, litra b) står det:

«Vigslere er: ordførere, varaordførere, og kommunalt ansatte eller folkevalgte som kommunestyre selv gir slik myndighet.»

I forarbeida vert det lagt vekt på at kommunen også bør ha ein vigslar utan politisk tilhøyre. Vigselmynde fell vekk når vedkomande ikkje lenger er tilsett eller folkevald, kommunestyre kan også trekkja mynde attende eller tidsavgrensa det på anna vis. Det går klart fram av lovtæksten at det berre er kommunestyre sjølv som har mynde til å utnemna vigslarar.

### Lokale tilpassingar

Slik lov og forskrift er lagt opp er det noko rom for lokale vurderingar og tilpassingar, kommunestyre bør i første omgang ta stilling til følgjande spørsmål:

- 1) Kven skal ha vigselmynde?
- 2) Tid og stad for gjennomføring av vigsel?
- 3) Skal kommunen ha utvida tilbod om vigsling og eventuelt utarbeide ei retningsline for betaling etter forskrifta § 4?

Ordførar og varaordførar har vigselmynde i kraft av sine roller. Det kan vera hensiktsmessig at det i alle fall vert utnemnd ein vigslar utover desse. Dersom me ser kva kommunar i nærområde har gjort og tar utgangspunkt i forarbeida om at det også bør vera ein politisk nøytral vigslar er det naturleg at rådmannen får tildelt vigselmynde i tillegg.

I dag er det Tingretten som gjennomfører vigslar i vår region, her har det ikkje vore tilbod utover alminneleg kontortid. Rådmannen rår til at dette vert utgangspunkt for vårt tilbod, det vil vera mogleg å gje tilbod om utvida rammer om me finn det naturleg etter kvart. Då Tingretten ikkje har hatt tilbod om vigslar utover arbeidstida er det vanskeleg å fastslå kor stor etterspurnaden er etter det. Me veit at Tingretten i 2016 vigsla 60 brudepar, av desse var 29 frå Stord. Det er godt mogleg at etterspurnad etter borgarleg vigslar kan bli større når det kan gjerast lokalt, men det er vanskeleg å sei noko om no.

Det er naturleg at kommunestyresalen vert nytta til å gjennomføra vigselseremonien. Slik status er i dag bør salen rustast opp med nytt inventar for å gje ei verdig ramme kring vigsla. Dette betyr i praksis skifte av stolar og bord, ved ny innreiing må salen framleis vera fleksibel slik at den kan nyttast til både møter, undervisning og anna. Rådmannen har fått henta inn budsjettprisar på utskifting av inventar og det er antyda ei ramme på rundt kr. 130.000 for å gjera ei full utskifting.

Me veit at allereie i dag er det relativt stor etterspurnad etter kyrkjelege vigslar mellom brudefolk som ikkje er heimehøyrande i Tysnes. Dette har naturleg samanheng med at Tysnes er ein vakker stad med gode fasilitetar for ein flott bryllaupsfest! Rådmannen meiner at borgarleg vigslar også kan vera eit bidrag til eiga vårt eige nærings-/reiseliv og at me såleis bør opna for vigslar utover dei som har lovfesta rett til det. Det bør då utarbeidast nærare retningslinjer for betalingsansvar for slik vigsel etter forskrifta § 4.

**... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

**::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

1. Tysnes kommune skal ha tilbod om vigsel til eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Noreg, men som fyller vilkåra for å gifta seg her, på virkedagar mellom kl. 09:00 og 15:00.
2. Kommunestyresalen skal nyttast som vigselslokale. Det vert innarbeidd rom for opprusting av salen i budsjett for 2018 med ei estimert kostnadsramme på kr. 130.000.
3. I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til å gjennomføra vigslar med verknad frå 1. januar 2018.
4. Tysnes kommune ønskjer å kunna tilby vigsel for innbyggjarar i andre kommunar. Rådmannen vert beden om å leggja fram ei sak med retningslinjer for betaling for slike vigslar innan utgangen av året.
5. Tysnes kommune vil vurdere om det er behov for å kunna gje tilbod om vigslar utover ramma for tid og stad dersom det vert naturleg.

**::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**